



Møtebok

Arbeidsutvalet i Villreinnemnda for Setesdalområdet

Telefonmøte

17. oktober 2017, kl.13.00-13.30

Faste medlemmar til stades:

| | | |
|---------------------|--------------|-----------|
| Tommy Vatslid | Nestleiar | Bykle |
| Torbjørn Fjermestad | Arbeidsutval | Gjesdal |
| Mona Riis | Arbeidsutval | Kviteseid |
| Margit Smeland | Leiar | Åmli |

Faste medlemmar ikkje til stades:

| | | |
|------------------------|--------------|------------|
| Lill Synnøve Laugaland | Arbeidsutval | Hjelmeland |
|------------------------|--------------|------------|

Varamedlem til stades:

Ingen vara kunne stille

Frå administrasjon:

Jarle Lunde

Sand 23.10.2017

Jarle Lunde
Sekretær

Sakliste

Sak 24/17: Uttale til kommunedelplan Sirdal nord

Sak 25/17: Referatsaker/Eventuelt



Sak 24/17

Innspel til arealdel kommunedelplan Sirdal nord

| Utval | Møtedato | Sakshandsamar: |
|---------------------------------|----------|----------------|
| Arbeidsutvalet i Villreinnemnda | 17.10.17 | Jarle Lunde |

Bakgrunnsdokument

<https://www.sirdal.kommune.no/offentlig-ettersyn-og-hoering-kommunedelplan-sirdal-nord.6023273-412705.html>

Saka

Sirdal kommunestyre har vedtatt at kommunedelplan for Sirdal nord skal sendast på høyring og leggast ut til offentlig ettersyn.

Kommunedelplan Sirdal nord vil erstatte gjeldande kommuneplan sin arealdel samt delplanar for Sinnes-Tjørhom, Fidjeland-Kvæven og Ådneram-Suleskard, alle vedtatt i 2008.

Det er utarbeid eit forslag til uttale. Denne er vedlagt saka.

Forslag til vedtak

Arbeidsutvalet godkjenner innspel slik den er framlagt.

Saksprotokoll

I forslag til uttale heiter det i kulepunkt nr 3:

- 2 av 7 føreslåtte skiløyper går inn i omsynssone bevaring naturmiljø/nasjonalt villreinområde. Dette er skiløype til Flatstøl og forslag om utviding av løypa til Reinskvæven. At dei går inn i omsynssona er ikkje nemnt i konsekvensutgreiinga, men vil vere i konflikt med villreininteressene. Villreinnemnda vil rå til at løypa ikkje går inn i omsynsona.

Det blei foreslått å endre dette til:

- 2 av 7 føreslåtte skiløyper går inn i omsynssone bevaring naturmiljø/nasjonalt villreinområde. Dette er skiløype til Flatstøl og forslag om utviding av løypa til Reinskvæven. At dei går inn i omsynssona er ikkje nemnt i konsekvensutgreiinga. Villreinnemnda vurderer løypa til Flatstøl til ikkje å påverka villreinen i noko særleg grad.

Utviding til Reinskvæven vil vere i konflikt med villreininteressene og me vil difor rå ifrå denne løypa.

Vedtak

Arbeidsutvalet godkjenner innspel slik den er framlagt, med endring av kulepunkt tre.



Til
Sirdal kommune

Åmli/Sand 17.10.17

Uttale til kommunedelplan Sirdal nord

Me viser til at Sirdal kommunestyre den 22.06.2017 vedtok at kommunedelplan for Sirdal nord skal sendes på høring og leggest ut til offentlig ettersyn. Alle 141 innspel i konsekvensutgreiinga til planen er med i høringa.

Villreinnemnda har fått utsett høyringsfrist. Saka er behandla i arbeidsutvalet i villreinnemnda 17. oktober 2017.

Villreinnemnda gav uttale til planprogrammet og kravde som hovudsak at omsynsområde og retningslinjer frå Heiplanen måtte innarbeidast i kommuneplanen, og at det i tråd med dette også utarbeidast ein sti- og løypeplan.

Nasjonalt villreinområde og leveområde for villrein er lagt inn som *omsynssone bevaring naturmiljø*. Dette i samsvar med Heiplanen. I tillegg er Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde lagt inn som område som er bandlagt. Saman gir dette eit godt grunnlag for ivaretaking av villreininteressene i tida framover.

Det blir og avsett areal til skiløyper/turløyper, ein sti- og løypeplan blir dermed implementert i kommunedelplanen. Berre nye løyper er omtalt. Det saknast ein oversikt og vurdering av eksisterande løypenett. Dette for å sjå løypenettet i samanheng.

I planen innførast «Hensynssone friluftsliv». Her skal allmennheten sin tilgang til friluftsområde bli ivareteken via skiløyper og turstiar. Naudsynte terrenginngrep og preparering med løypemaskin er tiltak som blir opna opp for i denne sona. Det går ikkje fram av kart kor omsynssona er, noe me finn mangelfullt. Ut ifrå villreinhensyn meiner me at «Hensynssone friluftsliv» og omsynssone bevaring naturmiljø ikkje må overlappe.

Villreinnemnda vil påpeika følgjande punkt som vil vere i konflikt med villreininteressene:

- Det er forslag om å utvide alpinområde på Fidjeland nordover. Utvidinga har delvis heimel i vedtatt kommuneplan, men er vurdert å ha negative konsekvensar blant anna for

villreinområde. Delar av området ligg i omsynssone bevaring naturmiljø. Jfr Heiplanen ligg delar av området i omsynssone villrein og i nasjonalt villreinområde. Utvidinga er i konsekvensutgreiinga anbefalt gitt ein mindre utstrekning enn i planforslaget. Likevel vil området komme i konflikt med villreininteressene og Heiplanen sine retningslinjer. Villreinnemda vil sterkt rå ifrå ei utviding inn i omsynsona.

- Det er planlagt eit område for motorcross og snøskuter ved Hunnedalsveien aust for Hunnevatn. Område ligg dels innafor omsynssone bevaring naturmiljø/nasjonalt villreinområde og er i konflikt med villrein. Konsekvensutgreiinga foreslår å ta å ta område ut av planen. Villreinnemda støtter dette.
- 2 av 7 føreslåtte skiløyper går inn i omsynssone bevaring naturmiljø/nasjonalt villreinområde. Dette er skiløype til Flatstøl og forslag om utviding av løypa til Reinskvæven. At dei går inn i omsynssona er ikkje nemnt i konsekvensutgreiinga. Villreinnemda vurderer løypa til Flatstøl til ikkje å påverka villreinen i noko særleg grad. Utviding til Reinskvæven vil vere i konflikt med villreininteressene og me vil difor rå ifrå denne løypa.
- Der er føreslått å omdisponere eksisterande gjeter-/jakthytte ved Gaudstøltjødn til fritidsformål. Hytta ligg i omsynssone bevaring naturmiljø/nasjonalt villreinområde der villreinen sine interesser skal tillegast stor vekt i all arealforvaltning. Det er her viktig å unngå auka aktivitet. I tråd med dette anbefaler også konsekvensutgreiinga å ikkje ta med saka i planen. Villreinnemda støtter dette.
- Det er føreslått ei utviding av eksisterande hyttefelt i Smølåsen. Denne ligg delvis innafor omsynssone bevaring naturmiljø (omsynssone villrein etter Heiplanen) der villreinen sine interesser skal tillegast stor vekt i all arealforvaltning. Ei eventuell utviding av hyttefeltet bør difor avgrensast.
- Det er forslag om vidareføring av hyttetomt i Grydalen. Arealet ligg innanfor landskapsvernområde og villreinområde i Heiplanen. Villreinnemda meiner det ikkje er rom for å utvide utover dei hyttene som er bygd etter gammal plan.
- Det er forslag som inneberer endring av eit større areal i Jagoskvæven frå LNF til utbyggingsområde for hytter. Området ligg delvis innafor nasjonalt villreinområde. Konsekvensutgreiinga anbefaler ikkje dette. Villreinnemda støtter dette.
- Det er forslag om endra formål for eit areal rundt eksisterande «jakthytte» ved Øyarvatn. Området ligg i nasjonalt villreinområde. Endringa er ikkje anbefalt i konsekvensutgreiinga pga negative konsekvensar for naturmiljø. Villreinnemda støtter dette.

Med helsing

Margit Smeland
Leiar

Jarle Lunde
Sekretær



Sak 25/17

Referatsaker/Eventuelt

| Utval | Møtedato | Sakshandsamar: |
|---------------------------------|----------|----------------|
| Arbeidsutvalet i Villreinnemnda | 17.10.17 | |

Ingen saker